

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forklara kvifor kritisk lesing er viktig</li> <li>Læra seg å sitera og kjeldeføra i eigen tekst</li> </ul>
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>reading, writing and speaking about health and wellbeing</li> <li>using prepositions</li> <li>using linking words</li> <li>writing five-paragraph texts</li> </ul>
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Beskriva mønster algebraisk ved hjelp av ein formel</li> <li>Bruka ein formel og finna den n-te figuren ved hjelp av utrekning</li> <li>Berekna ulike vinklar</li> <li>Berekna vinklar i mangekantar</li> </ul>
Samfunnsfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Reflektera over begrepet psykisk helse og kunne seia noko om kva begrepet betyr</li> <li>Reflektera over begrepet livsmeistring, og tenka høgt kring kva som er eit godt liv</li> <li>Forklara og seia noko om ulike begrep som er knytt til psykisk helse</li> </ul>
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> <li>Få innsikt i sentrale trekk ved buddhismen</li> </ul>
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> <li>Forklara korleis me kan vita at alt liv på jorda er i slekt og i endring</li> <li>Beskriva korleis Darwin og Wallace kom fram til evolusjonsteorien</li> </ul>
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Å stilla spørsmål og svara korrekt</li> <li>Å skildra folk</li> <li>Regelrette og uregelrette verb i presens</li> <li>Samsvarbøying</li> <li>Repetisjon av tal</li> </ul>
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunna bruka tysk munnleg og skriftleg</li> <li>Kunna snakka/skriva om personar, stadar og aktivitetar</li> <li>Kunna snakka/skriva om skule i Tyskland og Noreg</li> <li>Repetisjon av modale hjelpeverb</li> <li>Bruk av verba haben og sein i fortid</li> </ul>
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> <li>Snakka om kva folk fyller liva sine med, og kvifor det er viktig for oss</li> <li>Skriva femavsnittstekstar</li> </ul>
Kroppsøving	<ul style="list-style-type: none"> <li>Trena på og utvikla ferdigheiter i volleyball.</li> <li>Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre</li> <li>Prøva å løysa utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeida med andre</li> </ul>
Musikk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunna fleire norske folkedansar</li> </ul>
M&H	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vita kva god hygiene er</li> <li>Vita kva vurderingskriteria for faget er</li> <li>Kunna fortelja om korleis me skal oppføra oss på kjøkkenet</li> <li>Vita kva god bordskikk er</li> </ul> <p>Alle må ha reint forklede og hårstrikk (om du treng det)</p>

<b>Kantine</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vita kva vurderingskriteria for faget er</li> <li>• Planlegge dei praktiske øktene.</li> <li>• Laga god og ernæringsriktig mat</li> <li>• Halda god hygiene</li> <li>• Jobba med rekneskap og plakatdesign</li> <li>• Gjennomføra sal</li> <li>• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker</li> </ul>
<b>Fys.ak.</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Visa god innsats</li> <li>• Arbeida med å gjera kvarandre gode</li> </ul>
<b>Friluftsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjend med faget</li> <li>• Planleggja neste økt</li> </ul>
<b>Design</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna bruka eigna design- og handverksteknikkar og verktøy til å forma ut produkt i ulike materiale</li> </ul>
<b>Innsats for andre</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bli kjend med faget</li> <li>• Definerer samfunnsnytte og innsats</li> <li>• Drodla kring korleis gruppa vår kan gjera ein samfunnsnyttig innsats</li> </ul>
<b>Olweus</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Me arbeider med å laga klassereglar</li> </ul>

## INFORMASJON TIL HEIMEN

Velkomne til nytt skuleår! Håpar dokker har slappa godt av i sommar og at dokker er klare for eit nytt skuleår. Det var utruleg kjekt å sjå alle igjen førre veke.

### Bøker

Elevane har fått bøker i matematikk, naturfag og språkfag slik som i fjor. I år skal me også få bøker i KRLE, men dei har ikkje kome enno. Det blir registrert kva boknummer eleven får, og slik har me oversikt over kven som låner kva for ei bok. Det er viktig at dokker legg bokbind på bøkene slik at me tar best mogleg vare på dei.

### Fotografering

Fotografen kjem på besøk 28.-30.august. Fotograferingsdag for kvar klasse blir lagt ut på vekeoversikten for veke 35. Alle klassane skal ta gruppebilete, og alle elevane skal ta portrett. Desse bileta blir samla i ein skulekatalog som alle elevane får gratis på skulen. Dokker får i tillegg tilbod om å kjøpa fotopakker utanom direkte frå fotografen. Dette er valfritt.

### Onsdag 1.time

Onsdag 1.time har alle klassane norsk annakvar veke. Den veka me startar på ny vekeplan har elevane norsk. Den påfølgande veka har elevane fri denne timen. Det vil alltid stå på vekeoversikten om det er studie eller fri. (Naturlege «forskyvningar» som haustferie og liknande gjer at me ikkje seier partal/oddetal).

### Ipad

Me minner om at elevane må ta godt vare på ipaden. Dei fekk ipad utdelt på torsdag, og det er viktig å oppdatera den og alltid lada den opp heime.

### Mobilhotell

Nytt av året er at me har heilt mobilfri skule. Me oppfordrar elevane til å leggja mobilen igjen heime. Dei som har mobilen med seg, må levera den inn i mobilhotell på skulen (sjå ordensreglar som ligg på hemesida under "Brev og beskjedar"). Fint om dei som ikkje har tatt ein prat om dette heime gjer det.

## Nye fag

Dette året skal elevane ha mat og helse. Dette faget er avgangsfag, det betyr at karakteren dei får i juni blir ståande på vitnemålet.

Elevane har også valgt nye valfag, men mange har valgt å ha det same faget som dei hadde i 8.klasse.

Det er ikkje symjing på 9.trinn.

## Ny elev

Denne veka får me ein ny elev på trinnet. Han heiter Harry og har nettopp flytta til Bryne frå England. Han skal gå i 9C, men vil vera mest i grunnleggjande norsk-klassen dette første året sitt her. Ta godt i mot han og snakk med han, då er det mykje lettare å læra norsk raskt.

## Minskole.no/bus

Følg med på heimesida vår. Der legg me ut vekeoversikt, vekeplan, timeplanar, årshjul, brev og beskjedar. Det er lurt å abonnera på nyheiter frå 9.trinn. Då får du e-post når me legg ut noko nytt. Abonnement må fornyast kvart år.

Helsing oss på 9.trinn

## HEIMEARBEID VEKE 34

<b>Norsk</b>	- Les i leseboka di i minimum 20 minuttar. Lesinga skal først i bokloggen. - Les artikkelen "Ta stilling": <a href="http://Ta_stilling_-_Aschehoug_univers_(aunivers.no)">Ta stilling - Aschehoug univers (aunivers.no)</a> og svar på følgjande oppgåver: 1) Kva slags hending er bakgrunn for artikkelen? 2) Korleis blir omgrepet "fake news" definert i artikkelen? 3) Kva skil informasjonen me får i dag frå informasjonen folk fekk tidlegare?
<b>Engelsk</b>	Read and/or listen to the text <a href="#">Laughter is the Best Medicine</a> . Read the <i>introduction</i> and one, two or three of the <i>parrot jokes</i> . Summarize the text orally. Hand in on Teams.
<b>Matematikk</b>	<b>Geometriske mønster</b> Oppgåveboka s. 36, oppg. 2.101, 2.102, 2.103 Legg bokbind «Bræe» på matematikkbøkene
<b>Samfunnsfag</b>	<b>Kap 1 Psykisk helse.</b> Les « <a href="#">Kva skal til for å ha god psykisk helse</a> », og gjer «finn svaret»- oppgåvene.
<b>KRLE</b>	Les teksten «Buddhas liv» (sjå heimearbeidssida på ON). Skriv anten ein tekst (minst to avsnitt) om nokre sentrale hendingar i livet til Buddha, eller lag ein teikneserie (minst fire ruter) om nokre sentrale hendingar i livet til Buddha
<b>Naturfag</b>	<b>Evolusjon</b> Les s. 4-7 i Solaris 9. Forklar orda: evolusjonsbiologi, evolusjonsteori og naturvitskapelege teoriar. Legg bokbind «Bræe» på naturfagboka.
<b>Spansk</b>	Les høgt s. 10 i boka Gente 9, 2 gonger
<b>Tysk</b>	Repetisjon av verbbyyng i presens. Sjå ON, Hausaufgabe, Woche 35
<b>Eng fordj</b>	Legg bokbind på bøkene
<b>Arbeidslivsfag</b>	Arbeidspraksis. Dei elever som ikkje har ordna arbeid møter i klasserom ved Kunst og håndtverk.
<b>Kroppsøving</b>	Volleyball

<b>Musikk</b>	Me dansar folkedansar i aulaen. Øv heime på grunnleggjande trinn om det er vanskeleg å få det til.
<b>Kantine</b>	Møt i klasserommet til 9B. Ta med opplada iPad.
<b>Fys.ak.</b>	Oppmøte i Timehallen.
<b>Innsats for andre</b>	Møt i 9D sitt klasserom

<b>HEIMEARBEID VEKE 35</b>	
<b>Norsk</b>	- Les i leseboka di i minimum 20 minuttar. Lesinga skal førast i bokloggen. - Søk opp falske nyheiter på internett. Finn tre døme på nyheiter som har vist seg å vera falske. Prøv å forklar kvifor desse nyheitene blei publisert og skriv kva du trur dei ville oppnå med å laga desse nyheitene.
<b>Engelsk</b>	Read and/or listen to the text « <a href="#">Healthy and Happy</a> ». Summarize the text orally. Hand in on Teams.
<b>Matematikk</b>	<b>Beskriva mønster algebraisk</b> Oppgåveboka s. 37, oppg. 2.104, 2.105, 2.106, 2.107 Ta bilete av leksea di og last opp bilete på Onenote, matematikk, heimearbeid, veke 35
<b>Samfunnsfag</b>	Kap. 1 «Rusmiddel og store val» Du får arbeid frå faglærer som du skal gjera ferdig til siste samfunnsfagstimen.
<b>KRLE</b>	Les teksten «Buddhas lære» (sjå heimearbeidssida på ON). Svar deretter på spørsmåla.
<b>Naturfag</b>	<b>Evolusjon</b> Les s. 7-10 i Solaris 9. Svar på oppgåver side 10, Kva las du no? Nivå 1: to av fire oppgåver Nivå 2: alle fire oppgåvene
<b>Spansk</b>	Gjer nettoppgåver om verbene ser & estar. Dei er <a href="#">her</a> . Ta skjermbilete og lim inn når du er ferdig.
<b>Tysk</b>	ON, Hausaufgabe, Woche 36
<b>Eng fordj</b>	Les teksten som ligg på ON. Svar på spørsmåla under.
<b>Arbeidslivsfag</b>	Arbeidspraksis. Dei elevane som ikkje har ordna arbeid møter i klasserom ved Kunst og håndtverk.
<b>Kroppsøving</b>	Volleyball
<b>Musikk</b>	Me dansar folkedansar i aulaen. Øv heime på grunnleggjande trinn om det er vanskeleg å få det til.
<b>Fys.ak.</b>	Oppmøte i Timehallen